



Arkivnr: 2015/10391-6
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		31.10.2017
Utval for opplæring og helse		07.11.2017
Fylkesutvalet		20.11.2017
Fylkestinget		12.12.2017

Endringar i lokal forskrift om inntak og formidling

Samandrag

Det er trong for mindre endringar i lokal forskrift om inntak og formidling. Den største delen av saka går på presisering av inntak til tilbodet alternativ sluttopplæring Vg3 i skule, der det er gjort framlegg om ein ny paragraf. Vidare er det gjort mindre endringar og presiseringar i kva som ligg i «urimeleg lang reiseveg» for rett til inntak på nærskulen, omval og godkjenning av tidlegare fag og skala for tilleggspoeng for musikk, dans og drama, og idrett. Det vil truleg òg kome endringar i inntaket til særskilt organiserte tilbod til elevar med rett til særskilt språkopplæring etter opplæringslova § 3-12. Vedlagt ligg forskrifta med endringane markert med understreking.

Økonomi: Truleg ingen effekt, kanskje innsparring ved at ein flyttar dato for inntak til alternativ sluttopplæring Vg3 i skule frå 15. august til 1. september.

Klima: Ingen effekt.

Folkehelse: Ingen effekt.

Regional planstrategi: Ingen effekt.

Forslag til innstilling

Fylkestinget fastset desse tillegg og endringar i lokal forskrift om inntak og formidling:

1. Tillegg i § 2 tredje ledd:
Døme på urimeleg lang reiseveg er der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt busskorrespondanse overskrid meir enn 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.
2. Tillegg i § 6 første ledd:
Skala for tilleggspoeng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesutvalet.
3. Tillegg i § 7 første ledd:
Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrets, blir fastsett av fylkesutvalet.
4. Endring i § 13 andre ledd:
Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde den første standpunktarakteren.

5. Nytt fjerde ledd i § 19 skal lyde:
Inntaket til alternativ slutt opplæring Vg3 i skule vert ikkje delegert til skulane.

6. Ny føresegn skal lyde:

§ 28 Alternativ slutt opplæring Vg3 i skule

Søkjarar som ikkje får læreplass, kan på visse vilkår få tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule. Søkjarar som oppfyller vilkåra, har rett til inntak til eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Vilkåra er:

- 1) søkjaren har ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1
- 2) søkjaren har søkt læreplass i Vigo innan fristen 1. mars
- 3) søkjaren har bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller har karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51
- 4) søkjaren er heimehøyrande i Hordaland etter lokal forskrift om inntak og formidling § 16
- 5) fylkeskommunen ikkje kan tilby læreplass innan 1. september
- 6) søkjaren har svart at han/ho aktivt ønskjer fortsatt oppfølging frå fylkeskommunen, til dømes via meldingskort og oppmøte på obligatorisk informasjonsmøte

7. Resterande føresegn får ny nummerering

8. Lokal forskrift vert gjennomgått og revidert seinast ved etablering av utvida fylkeskommune/ region.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.10.2017**Alternativ sluttopplæring Vg3 i skule**

Gjeldande regel om alternativ sluttopplæring Vg3 i skule i den lokale forskrifta om inntak og formidling er noko knapp, og det er naudsynt med ei presisering av ordninga. Rådmannen gjer difor framlegg om å skilje ut alternativ sluttopplæring Vg3 i skule i ei eiga føresegn. Med den nye føresegna ønskjer ein å presisere kven som har rett til slikt tilbod og på kva vilkår.

I gjeldande forskrift er formidling fastsett i § 27, og andre ledd omhandlar alternativ sluttopplæring Vg3 i skule:

§ 27. Formidling

(1) Alle søkjarar med opplæringsrett vert formidla etter at søknadsfristen er gått ut. Søkjarar som ikkje er kvalifisert til formidling, vert tekne ut av formidlinga seinast 1. august.

(2) Søkjarar med opplæringsrett som ikkje har fått læreplass innan 15. august, skal få tilbod om Vg3 i skule innan 15. september.

Rådmannen gjer framlegg om ny føresegn:

§ 28 Alternativ sluttopplæring Vg3 i skule

Søkjarar som ikkje får læreplass, kan på visse vilkår få tilbod om alternativ sluttopplæring Vg3 i skule.

Søkjarar som oppfyller vilkåra, har rett til inntak til eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Vilråra er:

- 1) søkjaren har ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1
- 2) søkjaren har søkt læreplass i Vigo innan fristen 1. mars
- 3) søkjaren har bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller har karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51
- 4) søkjaren er heimehøyrande i Hordaland etter lokal forskrift om inntak og formidling § 16
- 5) fylkeskommunen kan ikkje tilby læreplass innan 1. september
- 6) søkjaren har svart at han/ho aktivt ønsker fortsatt oppfølging frå fylkeskommunen, til dømes via meldingskort og oppmøte på obligatorisk informasjonsmøte

Første ledd presiserer kva tilbod søkjarane kan få rett til; eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Dette inneber at søkjaren kan få tilbod om Vg3 i eit anna lærefag enn det som er søkt.

Første ledd nummer 1 presiserer at det berre er søkjarar med ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1 som har rett på tilbod om alternativ Vg3 i skule. Søkjarar utan ungdomsrett kan søkje formidling til læreplass, men dersom dei ikkje får læreplass har dei ikkje krav på alternativ sluttopplæring Vg3 i skule.

Første ledd nummer 2 fastset at søkjaren må ha søkt læreplass i Vigo innan fristen 1. mars. Når det gjeld søknader som kjem etter fristen, skal desse handsamast så langt råd er og avvisast i den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, jf. lokal forskrift om inntak og formidling § 26.

Første ledd nummer 3 understrekar at søkjaren må ha bestått alle fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2 som inneber karakteren 2 eller betre. Det er eit unntak frå dette i forskrift til opplæringslova § 3-51 som gjer søkjarar med karakteren 1 i inntil to fellesfag kvalifisert til formidling. Dette unntaket gjeld ikkje programfag. Søkjarar utan vurderingsgrunnlag (IV) uansett fag er ikkje kvalifisert til formidling.

Nummer 4 presiserer at søkjarane må vere heimehøyrande i Hordaland 1. mars etter den lokale forskrifta om inntak og formidling § 16. Sjå § 16 andre og tredje ledd for søkjarar som flyttar til Hordaland etter fristen. Søkjarar frå andre fylke må ta kontakt med sitt heimfylke for formidling til læreplass og eventuelt inntak til alternativ sluttopplæring Vg3 i skule.

Nummer 5 understrekar at det berre er dei som ikkje får læreplass som har rett på alternativ slutt opplæring Vg3 i skule. Det betyr at søkjarar som har fått tilbod om læreplass og takkar nei, ikkje er med i inntaket til alternativ slutt opplæring Vg3 i skule. Tilsvarende gjeld der det er søkt både formidling til læreplass og skuleplass. Dei som får tilbod om skuleplass og takkar nei, er ikkje med i inntaket til alternativ slutt opplæring Vg3 i skule. Elevar som takkar ja, er heller ikkje med; ein kan ikkje både vere elev og halde på retten til formidling til læreplass. I gjeldande føresegn er dato for retten til å få tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule sett til 15. august, mens lovkravet er 1. september. Fylkesrådmannen gjer framlegg om at ein har same frist i den lokale forskrifta som i forskrift til opplæringslova § 6A-9.

Nummer 6 er ei konkretisering av lovkravet om at fylkeskommunen skal tilby søkjaren opplæring i skule dersom søkjaren ønskjer det. Føresegna fastset at søkjaren fortsatt ønskjer oppfølging frå fylkeskommunen, til dømes via meldingskort og oppmøte på obligatorisk informasjonsmøte. I dag vert dette gjort via meldingsbrev utsendt av fagopplæringskontoret og invitasjonar til informasjonsmøte. Dei som ikkje møter på informasjonsmøtet utan å ha gyldig forfall, vert rekna som ikkje lenger interessert og får ikkje tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om ny føresegn:

§ 19 (4)

Inntaket til alternativ slutt opplæring Vg3 i skule vert ikkje delegert til skulane.

I tillegg til framlegget om ny § 28 gjer rådmannen framlegg om ei presisering i delegeringa av inntaket til skulane. Som hovudregel er skulane delegert ansvar for inntak etter 1. september, og gjer dette på vilkåra nemnt i § 19 i den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta. For inntaket til alternativ Vg3 i skule er det ein del andre omsyn som gjeld enn for det ordinære inntaket til skuleplassar. For det første er ikkje inntaket til alternativ slutt opplæring Vg3 i skule samanfallande i tid, det er først 1. september ein veit kor mange som står utan tilbod om læreplass og som ønskjer slik alternativ slutt opplæring. Vidare har fagopplæringskontoret trong for å disponere plassar på alternativ slutt opplæring Vg3 i skule for lærlingar som kan trenge det grunna permitteringar og oppseiingar i læretida. Dette inntaket bør difor koordinerast sentralt og ikkje ved dei einsskild skulane.

Rettsleg grunnlag

Retten til å få tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule er regulert i forskrift til opplæringslova § 6A-9, som lyder:

«Søkjarar som har lovfesta rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1, men ikkje får tilbod om læreplass, har rett til inntak i eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Fylkeskommunen skal tilby søkjaren opplæring i skule dersom søkjaren ønskjer det, og dersom dei ikkje kan skaffe læreplass innan 1. september. Tilsvarende plikt til å tilby opplæring i skule gjeld der læreplanverket fastset eit anna opplæringsløp.»

Alternativ slutt opplæring Vg3 i skule er eit opplæringstilbod der elevane får opplæringsdelen av læretida, men ikkje verdiskapingsdelen. Personar som får tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule har difor status som elevar. Dette følgjer av forarbeid ot. prp. 46 (1997-98) til § 4-1:

«Ungdom som får avsluttande fagopplæring i skule, er såleis elevar etter lova, jamvel om dei får opplæring med sikte på fag- eller sveineprøve.»

Dette inneber mellom anna at dei er omfatta av den ordinære forsikringa for elevar, jf. oppl. § 13-3b, dei kan søkje om lån og stipend frå Statens lånekasse på same vilkår som for elevar elles, og dei vil vere registrert med ein eigen type kontrakt i Vigo som heiter Fagopplæring i skule. Elevane på alternativ slutt opplæring Vg3 i skule vil ikkje vere omfatta av fråværsregelen etter oppl. § 3-3 (4). Dette er fordi fråværsregelen er knytt til standpunktvurderingar, og det får ikkje elevane på alternativ slutt opplæring Vg3 i skule.

Elevane på alternativ slutt opplæring Vg3 i skule har rett til skuleskyss, sjå merknadene i ot prp 46 (1997-98) til § 7-2:

«Elevar som får slutt opplæring på skole og ikkje i bedrift, framstiller seg til fag- eller sveineprøva som elevar. Dei har difor rett til skyss som andre elevar. Fylkeskommunen skal dekkje skyssutgiftene etter den same regelen som gjeld skyss mellom heimstaden og skolestaden i samband med utplassering av elevar, dersom utplasseringa er ein obligatorisk del av undervisninga i faget.»

Lengda på Vg3 i skule

Alternativ slutt opplæring Vg3 i skule skal tilpassast det ordinære læreløpet i faget. Opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram er hovudsakleg bygd opp av to år i skule og to år i bedrift der eitt år er med opplæring og eitt år er med verdiskaping i bedrift. Det finst også andre programområde som har tre år opplæring i skule og eitt år verdiskaping i bedrift. Det er nokre lærefag som har lengre enn fire års opplæring heimla i læreplanverket. Lengda på læretida i alternativ slutt opplæring er anten på 12 eller 18 månader avhengig av opphavlege lengde på faget. Læreplanverket og kompleksiteten i læreplanen er avgjerande for om lengda på alternativ slutt opplæring er 12 eller 18 månader. Dette er ei konkret vurdering for dei einskilde faga.

Alternativ slutt opplæring og spesialundervisning

Opplæringslova § 5-1 gjev elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringsstilbodet, rett til spesialundervisning. Etersom personane som tek alternativ slutt opplæring Vg3 i skule, er elevar, har dei rett til spesialundervisning. Dette kan bety både avvik frå organiseringa og avvik frå læreplanmål. Den sakkunnige vurderinga må difor ha teke utgangspunkt i organiseringa i skulen og læreplanmåla i Vg3-læreplanen for opplæring i bedrift i faget. Denne kan likne på den sakkunnige vurderinga som vert gjort for tilrettelagt fagprøve, og den sakkunnige vurderinga for det særskilde tilskotet frå Udir, sjå her <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/tilskudd-og-prosjektmidler-for-fylkeskommuner/larlingar-sarskilde-behov/>

Andre endringar i forskrifta

Urimeleg lang reiseveg

Inntaksordninga vart noko endra i fjor, då ein la inn at elevar med urimeleg lang reiseveg får rett til å gå på nærskulen, jf. forskrifta § 2 femte ledd. Det har ikkje vore presisert i forskrifta kva som er «urimeleg lang reiseveg». Rådmannen gjer difor framlegg om å presisere dette til tilfelle der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert eventuell busskorrespondanse overskrid 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.

Skala for tilleggspoeng for MDD og Idrett

Inntaket til Vg1 musikk, dans og drama og Vg1 idrettsfag har ein eigen kvote for søkjarar med ferdigheiter innan fagområdet, sjå §§ 6 og 7. Det er i gjeldande forskrift ikkje fastsett nokon skala for slike tilleggspoeng. Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om at skala for slike tilleggspoeng vert fastsett politisk ved handsaming i fylkesutvalet.

Omval og godkjenning av tidlegare fag

Elevar som føreteik eit omval, kan sjølv velje om dei tidlegare karakterane i fellesfag skal godkjennast, eller om dei vil ta fag på nytt. For å kome elevane i møte valde ein i fjor å setje fristen for å eventuelt ombestemme seg til 30. april. Dette har det vore ein del støy om då Hordaland sin frist er seinare enn mange andre fylke. Det vert argumentert med at det er meir naturleg å la denne fristen vere samstundes med fristen for bruk av opplæringsrett, som er 1. november. Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om å endre fristen i § 13 andre ledd frå 30. april til 1. november.

Tilbodet til elevar med rett til særskilt språk opplæring

Det er gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tilbodet Hordaland fylkeskommune har til elevar med rett til særskilt språk opplæring etter opplæringslova § 3-12. Revisjonsrapporten frå Deloitte viser at dagens tilbod og inntaket til dette må justerast noko for å vere i tråd med lovverket. Arbeidet med å gå gjennom rapporten og finne tenlege og gode løysingar er ikkje ferdigstilt per september 2017. Fylkesrådmannen vil truleg gjere framlegg om ei eiga føresegn i lokal forskrift om inntak og formidling før jul. Ein tolkar § 29 slik at fylkesrådmannen har heimel til å fastsette inntaksordning til særskilt organisert tilbod til elevar med rett til

særskilt språkopplæring etter § 3-12, i tråd med lovverket. Ny føresegn vil verte lagt fram som melding til opplærings- og helseutvalet og fylkesutvalet.

Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Hordaland fylkeskommune

Heimel: Fastsett av fylkestinget i Hordaland 8.12.2015 med heimel i forskrift til opplæringslova av 23.6.2006 nr. 724 § 6-2 og § 6A-2. Paragrafane 11, 13 og 14 vart sist endra 3.10.2016 ved administrativ avgjerd. Paragrafane 2 og 4 vart sist endra 20.12.2016 etter fullmakt frå fylkestinget. Paragrafane 2, 11, 14 og 15 vart sist endra 2.10.2017 ved administrativ avgjerd.

Kapittel 1. Inntak

§ 1 Formål og virkeområde

- (1) Inntak til vidaregåande opplæring er generelt regulert ved lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.7.1998 nr 61 § 3-1, forskrift til opplæringslova av 23.6.2006 nr. 724, kap. 6 og kap. 6A. Denne forskrifta gjeld alt inntak til offentlege vidaregåande skular, samt formidling av lærlingar og lærekandidatar i Hordaland fylkeskommune.

§ 2 Regionalt / karakterbestemt inntak

- (1) I Hordaland fylkeskommune er det kapasitetsstyrt fritt skuleval. Dette inneber at ein søkjar står fritt til å søkje seg inn på skular i heile Hordaland uavhengig av bustad.
- (2) Søkjarar busette i enkelte grenseområde med andre fylke, vert behandla i høve til eigne avtalar mellom fylkeskommunane.
- (3) Elevar som får urimeleg lang reisetid, har rett til inntak på nærskulen etter skjønsmessig vurdering. For å få rett til slik vurdering må eleven ha ført opp nærskulen som sitt førsteval. Døme på urimeleg lang reiseveg er der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt busskorrespondanse overskrid 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.

§ 3 Inntak til Vg1

- (1) Søkjar må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til Vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular.
- (2) Inntaket vert gjort på bakgrunn av poengsum (karakterpoeng) basert på karakterar frå grunnskulen.
- (3) Dersom søkjar ikkje har nok karakterpoeng til å kome inn på nokon av ønskja sine, vil søkjar få tilbod om plass ved andre skular som tilbyr dei prioriterte programma ved siste inntaksomgang før skulestart.
- (4) Søkjar som ikkje fører opp tre ulike utdanningsprogram, kan bli plassert på andre skular med ledig kapasitet ved siste inntaksomgang før skulestart.
- (5) Etter at fulltidselevar er tatt inn til vidaregåande opplæring, kan fylkesrådmannen ta inn deltidselevar.

§ 4 Inntak til Vg2 og Vg3

- (1) Søkjar kan prioritere inntil tre programområde som han/ho er kvalifisert til ved innsøking til Vg2 eller Vg3. Innanfor kvart programområde kan det prioriterast inntil seks skular.
- (2) Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansegevendende kurs. Ved innsøking til Vg2 vert karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 vert karakterar frå Vg2 lagt til grunn. Søkjar til Vg2 på utdanningsprogramma studiespesialiserande (ST), idrett (ID), medium og kommunikasjon (MK), kunst, design og arkitektur (KDA) og musikk, dans og drama (MDD) har rett

til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført dersom ho/han har kompetanse frå Vg1 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Førsetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år, og at den skulen der ho/han har fullført Vg2, er første prioritet. Til Vg2 musikk ved Langhaugen vgs vert elevar frå Vg1 musikk, dans og drama ved skulen prioritert for inntak saman med søkjarar frå Vg1 ved andre fylkeskommunale skular.

- (3) Dersom søkjar ikkje har tilstrekkeleg karakterpoeng til å kome inn på prioriterte programområde og skular, vil søkjar bli vurdert til andre programområde som ho/han er kvalifisert til, men som ikkje er prioritert i søknaden.

§ 5 Inntak til Vg3 studiespesialiserande programområde

- (1) Søkjar til Vg3 studiespesialiserande programområde har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom ho/han har kompetanse frå Vg2 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Førsetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år og at den skulen der ho/han har fullført Vg2, er første prioritet.

§ 6 Inntak til Vg1 musikk, dans og drama

- (1) Inntil 50 % av søkjarane kan takast inn på grunnlag av ei ferdigheitsprøve (inntaksprøve) i tillegg til karakterpoeng. Skala for tilleggs-poeng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesutvalet.
- (2) Det er berre søkjarar som har sett opp Vg1 musikk, dans og drama (MDD) som sitt første ønske, som kan framstille seg til ferdigheitsprøve.

§ 7 Inntak til Vg1 idrettsfag

- (1) Inntil 50 % av søkjarane som har Idrettsfag som sitt første ønske, kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterier) i tillegg til karakterpoeng. Skala for tilleggs-poeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrets, blir fastsett av fylkesutvalet.
- (2) Søkjarar som ønskjer tilleggs-poeng, må sende inn dokumentasjon frå særkrets som stadfestar forholdet. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som sitt første ønske.

§ 8 Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

- (1) Søkjarane til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkjarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng frå kompetansegejevande Vg1/Vg2.

§ 9 Inntak av elevar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne

- (1) Fylkesrådmannen avgjer om det ligg føre tungtvegande grunnar for at ein søkjar som oppfyller vilkåra i forskrift til opplæringslova § 6-17, bør takast inn til ein bestemt skule, sjølv om søkjaren ikkje har tilstrekkelege karakterpoeng til å kome inn på skulen.
- (2) Søkjaren har ikkje rett til inntak på ein bestemt skule.

§ 10 Utvekslingselevar som søker seg inn til Vg3

- (1) Søkjar med opplæringsrett som er elev ved ein skule i utlandet, vert prioritert *etter* søkjarar som har fullført og bestått Vg2 som fulltidselev ved den prioriterte skulen.
- (2) Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1.

§ 11 Endre status frå å vere fulltidselev til deltidselev

- (1) Rektor avgjer om ein søknad frå ein fulltidselev om å bli deltidselev skal imøtekomast. Søknad kan berre imøtekomast når det ligg føre dokumenterte, tungtvegande grunnar, jf. forskrift til opplæringslova § 6-5 tredje ledd. Overskriden fráværsgrense i eitt eller fleire fag er ein slik tungtvegande grunn.

§ 12 Inntak av deltidselevar til Vg2/Vg3

- (1) Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i § 6-28 eller § 6-37, kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselevar.
- (2) Det er fylkesrådmannen som tek inn deltidselevar i samband med inntak av elevar.
- (3) Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselevar er tekne inn.
- (4) Deltidselevar med ungdomsrett vil bli tatt inn før deltidselevar utan ungdomsrett. Ved ledige plassar vil også elevar utan rett kunne bli tatt inn.

§ 13 Omval og å ta fag på nytt

- (1) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har halvårsvurdering i fellesfag, kan avtale med skulen at dei ikkje vil ta faget på Vg1 på nytt. For å kvalifisere til vitnemål, må dei ta faget på Vg2.
- (2) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har standpunktkarakter i fellesfag, kan velje å ta faget på nytt, jf. forskrift til opplæringslova § 3-17a tredje ledd. Det er siste karakter som vert ført på vitnemålet eller kompetansebeviset, jf. forskrift til opplæringslova § 3-46 femte ledd. Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde den første standpunktkarakteren.
- (3) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har standpunktkarakter i fellesfag, kan søke om å få faget godkjent etter forskrift til opplæringslova § 1-16 dersom dei vil behalde standpunktkarakteren og ikkje ta faget på nytt.

§ 14 Å ta fag på nytt utan omval

- (1) Elevar som går innføringsklasse eller kombinasjonsklasse og tek fag frå ordinære læreplanar i vidaregåande, kan velje om faget skal godkjennast etter § 1-16 eller velje å ta faget på nytt i vidaregåande opplæring.

§ 15 Søknadsfrist

- (1) Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som fell inn under forskrift til opplæringslova § 6-8 første ledd, og 1. mars for elevar som søkjer seg inn i det ordinære inntaket, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 andre ledd.
- (2) Søknader frå søkjarar med opplæringsrett som vert mottekne etter søknadsfrist, vil berre bli behandla i den utstrekning det er mogleg, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 fjerde ledd. Det er fylkesrådmannen som avgjer dette. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søkjar.

§ 16 Flytting

- (1) For å vere med i inntaket til vidaregåande opplæring må det vere meldt flytting til Hordaland fylke innan 1. mars.

- (2) Søkjarar som flytter til Hordaland fylke etter 1. mars, kan takast med i inntaket dersom det ligg føre særleg grunn.
- (3) Dokumentasjon om planlagt flytting må sendast til Hordaland fylke innan 23. juni for at søknaden skal kome med i første inntakssomgang.

§ 17 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

- (1) Søkjar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring (opplæringsrett) brukar ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet til eit utdanningsprogram eller eit programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3.
- (2) Opplæringsretten vert ikkje brukt dersom eleven har slutta før 1. november.
- (3) Elevar med behov for ekstra tid for å kunne nyttiggjere seg retten sin kan i særskilte tilfelle få inntil 2 år ekstra dersom dei kan dokumentere dette, jf. forskrift til opplæringslova § 3-43. Det er fylkesrådmannen som fattar vedtak om dette etter skriftleg søknad. Når elevane får vedtak om å bruke 2 år på same trinn, har dei fortrinn til inntak på same skule.

§ 18 Frammøte første skuledag

- (1) Elevar må møte på skulen 1. skuledag.
- (2) Dersom ein elev blir borte frå skulen 1. skuledag utan gyldig grunn, misser vedkomande skuleplassen. Elevar som møter 1. skuledag, men deretter blir borte dei to neste dagane utan gyldig grunn, misser plassen.
- (3) Ved sjukdom pliktar eleven å gje beskjed til skulen snarast mogleg og seinast innan oppmøtetidspunkt første skuledag om at vedkomande ikkje kan møte. Forholdet må dokumenterast med legeerklæring.

§ 19 Rektor sin rett til inntak av elevar

- (1) Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar så lenge fylkesrådmannen sitt inntaksarbeid ikkje er avslutta, eller at dette på annan måte er delegert.
- (2) Etter at fylkesrådmannen har avslutta inntaksarbeidet vert ansvaret for vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følgje ventelistene som er utarbeidd frå fylkesrådmannen fram til utgangen av august. Frå 1. september vert inntaket rekna som avslutta.
- (3) Når alle søkjarar med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass, kan rektor gi tilbod til søkjarar etter følgjande prioritering:
 1. Søkjarar med vaksenrett som står på venteliste
 2. Søkjarar med vaksenrett som ikkje står på venteliste
 3. Søkjarar med fullføringsrett som står på venteliste
 4. Søkjarar med fullføringsrett som ikkje står på venteliste
 5. Søkjarar utan rett som er busett i Hordaland fylke kan takast inn etter at alle søkjarar med rett til utdanning har fått tilbod, og det framleis er ledige plassar.
- (4) Inntaket til alternativ slutt opplæring Vg3 i skule vert ikkje delegert til skulane.

Kapittel 2 Inntak til IB

§ 20 Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

- (1) Vilkår for inntak til Vg1 pre-IB er at søkeren har fullført norsk grunnskole eller tilsvarende. Sjå reglane i forskrift til opplæringslova § 6-13 for kva som reknast som tilsvarende og korleis det kan dokumenterast.
- (2) For å kvalifisere til inntak til pre-IB må søkeren ha minst karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.

§ 21 Rækkefølge ved inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

- (1) Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 6-21. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala vert rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå anna karaktersystem vert vekta mot norsk karakterskala.

§ 22 Inntak til IB Diploma Programme

- (1) Vilkår for inntak til IB Diploma Programme er at søkeren har bestått Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserande, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarende.
- (2) For å kvalifisere til inntak til IB Diploma Programme må søkeren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.
- (3) Søkjarar kan verte bedne om å ta ein opptaksprøve dersom det er uklårt om søkeren er kvalifisert.

§ 23 Inntak til 3IB

- (1) IB Diploma Programme er eit kurs over to år med 2IB og 3IB. Det er ikkje ordinært opptak til 3IB, og elevar som er tekne inn på 2IB, kan fortsetta på 3IB. Elevar frå andre IB Diploma Programme «transfer-students» kan søkje inntak til 3IB. Avgjerd om inntak vert teken etter individuell vurdering, der karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.

§ 24 Søknadsfrist til IB

- (1) Søknadsfristen er 1. mars. For søkjarar som flyttar til Hordaland etter søknadsfristen, gjeld reglane i § 16.

§ 25 Søknad til IB

- (1) Søknad skal sendast gjennom VIGO. Søkjarar som ikkje kan søkje gjennom VIGO, nyttar eige søknadsskjema.

Kapittel 3 Formidling

§ 26 Søknad om formidling av læreplass

- (1) Fristen for å søkje formidling til læreplass er 1. februar for lærekandidatar og 1. mars for lærlingar, jf. forskrift til opplæringslova § 6A-4.
- (2) Søknader om formidling til læreplass som kjem etter søknadsfristen, skal behandlast manuelt så langt råd er. Overskriding av fristen må grunngjevast skriftleg. Det er fylkesrådmannen som behandlar søknadene.
- (3) I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søker.

§ 27 Formidling

- (1) Alle søkjarar med opplæringsrett vert formidla etter at søknadsfristen er gått ut. Søkjarar som ikkje er kvalifisert til formidling, vert tekne ut av formidlinga seinast 1. august.

§ 28 Alternativ slutt opplæring Vg3 i skule

Søkjarar som ikkje får læreplass, kan på visse vilkår få tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule. Søkjarar som oppfyller vilkåra, har rett til inntak til eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Vilkåra er:

- 1) søkjaren har ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1
- 2) søkjaren har søkt læreplass i Vigo innan fristen 1. mars
- 3) søkjaren har bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller har karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51
- 4) søkjaren er heimehøyrande i Hordaland etter lokal forskrift om inntak og formidling § 16
- 5) fylkeskommunen ikkje kan tilby læreplass innan 1. september
- 6) søkjaren har svart at han/ho aktivt ønskjer fortsatt oppfølging frå fylkeskommunen, til dømes via meldingskort og oppmøte på obligatorisk informasjonsmøte

§ 29 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

- (1) Bruk av rett tek utgangspunkt i forskrift til opplæringslova § 6-3. Retten er brukt når 1/3 av timegrunnlaget av total opplæringstid er brukt opp.
- (2) Dersom læretida er 24 månader, ser ein det slik at 1/3 av læra er fullført i løpet av 6 månader. Desse 6 månadene behøver ikkje vere samanhengande i ei bedrift.
- (3) Ved andre opplæringsløp skal læretida reknast ut individuelt.

Kapittel 4 Felles føresegner**§ 30 Mindre endringar i forskrifta**

- (1) Fylkesrådmannen har rett til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.
- (2) Dersom endringane er av ein slik art at dei påverkar elevane sine vilkår for inntak til bestemte tilbod, skal likevel endringane behandlast politisk.

§ 31 Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2016.